




VINDAFJORDBRUKET



MELDINGSBLAD FOR LANDBRUKSNÆRINGA I VINDAFJORD

Nr. 2

september

2024

PRODUKSJONSTILSKOT DEL 2

- HUGS SØKNADSFRISTEN 15. oktober

Teljedatoen er 1. oktober, og frå den dagen er det mogleg å sende inn søknaden. Etter at du har sendt inn søknaden (innan fristen 15. oktober) kan du inn og endre fram til 29. oktober. Når søknaden er sendt, er **det viktig at du hugsar å sjekke kvitteringa di i Altinn.** Ta alltid kontakt med kommunen dersom du er i tvil om noko.

VEGETASJONSSONE MOT VASSDRAG

Minimum 2 meter brei vegetasjonssone er eit vilkår for produksjonstilskot. Sona må ikkje jordarbeidast eller sprøyta, men kan vere grasdekt og bli beita.

NYE BØNDER I VINDAFJORD

Me på landbruk ønskjer å bli betre kjent med dykk, og samtidig informere om kva me på landbrukskontoret kan hjelpe til med i samband med drifta di på bruket. Møtet blir i oktober, og nye bønder som er registrerte hjå oss vil få ein invitasjon via e-post / sms.

PLASTINNSAMLING HAUSTEN 2024

Gjeld kun rundballeplast og storsekk. Levering til dei faste plassane må skje tett opp til annonsert dato (annonse i Grannar og på heimesida til Gangstø Transport AS). Det er viktig at plasten er rein for jord, streng, stein, netting og liknande.

HUSDYRREGISTERET – har du hugsa å oppdatere?

For deg som søker tilskot til storfe, er det viktig at Husdyrregisteret er oppdatert før kvar teljedato. Me nyttar opplysningar frå Husdyrregisteret når me kontrollerer tal dyr i søknaden. Der får me også opplysningar om mjølkekyr / ammekyrr har

kalva dei siste 15 månader før teljedato.

Kasting vert ikkje rekna som kalving, og dersom kalven er dødfødt, må ein ved kontroll ha dokumentasjon, til dømes kvittering frå Biosirk.

REGIONALT MILJØTILSKOT 2024 –

Søknad kan leverast frå 15. september.

Søknadsfrist 15. oktober.

Etter innsendt søknad (innan fristen 15. oktober), kan du gå inn og endre fram til 29. oktober utan å få trekk i tilskotet. **NB!** Dette er nytt i regelverket, og gir dermed same praksis som ved søknad om produksjonstilskot.

Som søker er det viktig at du set deg inn i vilkåra for tilskotet, og at du gir korrekt informasjon. Hugs å sjekke kvittering for innlevert søknad og ta vare på denne. Då kan du kontrollere at du har fått med alle opplysningar og eventuelt endre søknaden. Ta kontakt med oss dersom du har spørsmål.

Sjå meir om vilkåra for Rogaland og korleis ein registerer søknaden – steg for steg her;

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/regionalt-miljotilskudd-rmb>

RMP – UGJØDSL A KANTSONE I ENG

Det gis tilskot for å ha ei u gjødsla kantsone langs vassdrag på eng. Kantsona må ha minimum **4 meter av sona liggande på fulldyrka eller overflatedyrka areal** og skal vere av gras. Det skal i tillegg vere **2 meter upløgd vegetasjonssone nærmast vassdraget**. Sona må **starte nærmare vassdraget enn 8 meter**. Det betyr at avstanden frå normalvasstand og starten på dyrka arealet ikkje kan vere meir enn 8 meter.

Grusvegar er ikkje jordbruksareal og kvalifiserer ikkje for tilskot.

ÅRLEG GJØDSLINGSPLAN

Gjødslingsplanen skal oppdaterast kvart år, og avtalar om spreiling av husdyrgjødsel må vere skriftlege.

PLANTEVERNJOURNAL

Du må føre journal over bruk av plantevernmidlar. Dersom du leiger andre til å sprøyte, må du syte for at dei du leiger noterer tidspunkt, mengd, type middel og kvar dei har sprøyta, slik at du kan føre journal.

GJØDSELUTSLEPP OG SILOSAFT

Det har diverre vore mange tilfelle med avrenning og utslepp av gjødsel og siloshaft til vassdrag i kommunen i løpet av det siste året. Dette er svært uheldig, då fleire av vassførekomstane våre allereie er sterkt påverka av landbruksavrenning, avløp, samferdsel og industri. Kommunen ser at mange av tilfella er knytt til uvorden handtering av gjødsel i samband med pumping og spreiling, samt at det er ein del eldre anlegg der det kan oppstå lekkasjar.

Kommunen vil minne om at husdyrgjødsel er ein ressurs, men at gjødsel på avvege er definert som forureining, og er sterkt uønskt og svært skadeleg for vassførekomstane våre. Gjødforskrifta spesifiserer at anlegg for husdyrhald samt lagring av husdyrgjødsel skal plasserast slik at det ikkje kan medføre fare for avrenning/forureining, og at dei skal vere tette. Forskrifta spesifiserer også at siloshaft skal samlast opp og lagrast slik at det ikkje fører til forureining. Det er grunneigar sjølv som er ansvarleg for at dette blir følt opp, og at det blir gjort naudsynt vedlikehald av anlegg for å forhindre uønskte utslepp av husdyrgjødsel eller siloshaft. Viss dette ikkje blir følt opp, kan det vere eit brot på forureiningslova, som spesifiserer at ein har plikt til å unngå forureining, og at ingen må gjøre noko som kan medføre fare for forureining.

Uhell kan likevel oppstå, og ved tilfelle av akutt forureining er det viktig at ein lokaliserer utsleppskjelda og får stansa utsleppet/forureininga så fort som råd. I tillegg må ein avgrense dei negative konsekvensane av det som allereie har lekt ut. Ved forureiningshendingar er ein plikta til å varsle forureiningsmynde (kommune;brannvesen), slik at det kan bli gjort ei vurdering av hendinga og eventuelt

bli sett i verk tiltak for å avgrense dei negative konsekvensane av eit eventuell utslepp så mykje som mogleg.

Grunneigar/ansvarleg forureinar er ansvarleg for å forhindre, stoppe, avgrense og varsle om eventuell forureining jf. forureiningslova.

Ved forureiningshendingar der det er klare brot på regelverk (gjødselbrukforskrifta og forureiningslova) kan kommunen vurdere trekk i produksjonstilskotet, jf. § 4 i produksjonsforskrifta.



Døme på forureina bekk etter siloshaftutslepp. Foto: Gaute Widerøe Hennig

SMIL

Kommunen fekk inn rekordstor søknad om SMIL-støtte til søknadsfristen 1. mars 2024, og ein heil del av søkerne har blitt innvilga. Alle tilgjengelege midlar i ordninga blei raskt brukt opp, og kommunen har difor fått ekstra tildeling av midlar frå Statsforvaltaren i løpet av året. Det har så langt i 2024 blitt tildelt 985 000 kr til SMIL-tiltak rundt om i kommunen, noko som er ein rekordhøg sum!

Mykje av desse midlane har gått til tiltak knytt til vassmiljø og avrenning, samt tiltak som bevarer kulturlandskapet. Det er også mange som har søkt om tilskot til fjerning av gammal piggtråd. Det er derimot få søker som går på biologisk mangfold, og kommunen oppmodar fleire om å søke om tilskot til tiltak som kan hjelpe den sterkt pressa naturen rundt oss. Det kan vere alt frå å etablere blomeengar for pollinatorar, ta vare viktige naturtypar knytt til kulturlandskapet (til dømes slåttemark og naturbeitemark), eller å bekjempe invasive/svartelista artar som stadig brer seg utover kommunen.

Det er gledeleg å sjå at det er mange som har lyst til å gjøre tiltak for miljø, kulturlandskap og friluftsliv i det vakre jordbrukslandskapet vårt, og det er framleis litt tilgjengelege midlar, så det er

framleis tid til å sende inn søknadar for hausten 2024. Søknadar vil bli behandla fortløpande fram til november såframt det er tilgjengelege midlar. Etter november er neste søknadsfrist **1. mars 2025**.

Søknadar vil då bli behandla og prioritert ut frå prioriteringar i den lokale SMIL-strategien. Tiltak innan biologisk mangfald og forureining til vatn og luft vil bli prioritert.

For meir informasjon om SMIL-ordninga og søknad, sjå [heimesidene til kommunen](#) eller ta kontakt med rådgjevar for klima, miljø og landbruk, Gaute Widerøe Hennig.



Foto: Anne Karin Langeland

DRENERING

Det har og vore mykje dreneringsaktivitet rundt om i kommunen så langt i år, og dreneringsmidlar har blitt delt ut fortløpande så lenge det har vore tilgjengelege midlar innanfor ordninga. Så langt i år har det blitt innvilga 789 952 kr i dreneringstilskot.

I ei tid med stadig aukande nedbørsmengder er god drenering av jordbruksjord viktig for å kunne handtere all nedbøren, redusere faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag, tillegg til å oppretthalde/auke jordbruksproduksjonen. Sommaren 2023 auka dreneringssatsane betrakteleg, og ein kan nå få opptil 4000 kr i tilskot per dekar med systematisk grøfting, og opptil 61 kr i tilskot per løpmeter med usystematisk grøfting (inkludert avskjeringsgrøfter). Anten du eig, leiger, eller leiger ut jordbruksareal som tidlegare har blitt grøfta, så kan du søke om tilskot til drenering. Ein kan også få tilskot til drenering av planerte areal som ikkje tidlegare er grøfta.

Per dags dato har ikkje kommunen tilgjengelege midlar innanfor ordninga,

men det er håp om ekstra tildeling av midlar frå Statsforvaltaren i løpet av hausten. Søknadar om tilskot til drenering blir behandla fortløpande så snart det er tilgjengelege midlar, så det er berre å sende inn søknad.

Merk at det ikkje vil bli innvilga tilskot til allereie utført dreneringsarbeid, og at tilskot må vere innvilga før gravearbeid for å få utbetalt tilskot. Meir informasjon om tilskot til drenering finn ein på [heimesidene våre](#).

VASSDRAG

Vindafjord har mange flotte små og store vassdrag i kommunen, men mange av dei er påverka av menneskeleg aktivitet gjennom utretting, forbygging, rørlegging, forureining og avrenning av næringsstoff. For å oppfylle vassdirektivets krav om minst «god» miljøtilstand i alle vassdrag, har kommunen i dei siste åra hatt fokus på å kartlegge vassdrag og gjere tiltak for å betre både vasskvalitet og forholda for blant anna laksefisk.

Gjennom sjøaureprosjektet, finansiert av miljødirektoratet, har kommunen i samarbeid med Haugaland vassområde, Frivillige tiltak i landbruket, Vindafjord jakt- og fiskelag og engasjerte grunneigarar, betra forholda for fisk i fleire vassdrag i kommunen. I 2024 har det vore fokus på eit større restaureringsprosjekt i Børkjelandsbekken i Vikebygd, og per september er gravearbeidet godt i gong og det nye bekkeløpet byrjar å ta form. Dette prosjektet vil, når det er ferdig, føre til betre habitat og miljø for fisk og anna akvatisk liv, auke flaumkapasiteten i vassdraget, samt betre naturmangfaldet gjennom planting av kantvegetasjon.

I tillegg er det lyst ut konkurranse for kartlegging av Vestbøelva i Sandeid. Her er målet å finne ut korleis ståa er i dag og kva tiltak som eventuelt kan settast i verk for å betre både miljøtilstand og hydrologi.

Me ser at det er stort engasjement for å ta vare på vassdraga og fisen i kommunen, noko som er veldig positivt. Likevel har ein framleis ein del utfordringar med fysiske inngrep i og langs vassdrag, i tillegg til ein del avrenning av næringsstoff.

Vedlagt denne utgåva av Vindafjordbruket er det eit informasjonsskriv om kva ein må hugse på ved dagleg jordbruksdrift langs vassdrag. Les gjennom og ta vare på det

slik at det blir lettare å halde seg innanfor regelverket og ta vare på vassdraga.

AVSLUTNING AV PROSJEKT «FRIVILLIGE TILTAK I LANDBRUKET»
Jordbruksdepartementet er ein av dei største påverknadsfaktorane for vassmiljøet på Haugalandet, og ein har i prosjektet «frivillige tiltak i landbruksdepartementet» har hatt fokus på å minske denne påverknaden gjennom dialog og frivillige tiltak. Prosjektet har midlar ut året, og sjølv om ein har sett at ein framleis har mykje igjen før ein når miljømålet om minst «god» miljøtilstand i alle vassførekomstar, har ein ikkje lukkast med arbeidet med å få gjort om prosjektstillinga til ei fast stilling. Dei siste åra er det Anders Eidhammer som har hatt stillinga, og han har vore ein god ressurs for kommunen og gjort ein stor innsats for å betre miljøtilstanden i vassdraga våre. Han slutta i stillinga 31. august grunna ny jobb, og Brit Therese Kristiansen har overtatt stillinga ut året til prosjektslutt. Vindafjord kommune vil takke Anders for den gode innsatsen, samt ønske Brit Therese velkommen i stillinga.

Prosjektstillinga «frivillige tiltak i landbruksdepartementet» opphører altså etter 2024, men vassmiljøet vårt er framleis avhengig av at bønder gjer ein innsats utover det lovpålagnede for å minske påverknaden i vassdraga våre. Heldigvis er det veldig mange bønder som er opptatt av nettopp dette og gjer ein stor innsats for å hindre avrenning og ta vare på vassdraga, og det er viktig at det gode arbeidet som har blitt gjort under prosjektet ikkje stoppar opp framover.

INNMARKSBEITE SOM SPREIEAREAL

Det er i utgangspunktet ikkje høve til å gjødsle innmarksbeite med husdyrgjødsel eller annan organisk gjødsel. Dersom du ynskjer å nytta husdyrgjødsla på innmarksbeite, må dette søkjast om til kommunen.

Ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 47 69 86 67 for å avtale synfaring våren 2025.

Sjå meir info om Husdyrgjødsel og spreieareal på heimesida vår:
<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jordbruk-og-husdyr/husdyrgjødsel-og-spreieareal/>. Her kan du blant anna finne søknadsskjema om Innmarksbeite godkjent som


spreieareal og link til Temakart Rogaland der alt godkjent spreieareal er registrert.

SPREIING ETTER 1. SEPTEMBER

Litt meir info om dette med spreieing av husdyrgjødsel etter 1. september, sida fleire har søkt om dispensasjon. Regelverket er som før:

Spreieing av gjødselvarer av organisk opphav er berre tillate i perioden 15. februar til 1. november. Det er ikkje lov å spreie gjødselvarer på snødekt eller frosen mark.

Spreieing utan nedmolding/nedfelling på eng og annan grøde bør gjerast så tidleg i vekstsesongen at det er mogleg for betydeleg gjenvekst som kan haustas eller beitas, og skal gjerast seinast innan 1. september, dersom ikkje noko anna er bestemt av kommunen. Spreieing med nedmolding (innan 18 timer) kan framleis utførast fram til 1. november. Uansett, same kva bonden vel, så skal spreieing ikkje medføre forureining, slik det står klårt i Gjødselvareforskrifta. Les denne!



Kjelde: NIBIO

NYDYRKING:

Gravemaskina på beite og utmark?

Å få eit munnleg klarsignal frå kommunen på til dømes å reinske ei gamal, smal grøft, og så ende opp med ei så brei og djup grøft at beitedyr ikkje kan hoppe over, er uheldig. Skal gravemaskin nyttast på areal utanom overflatedyrka eller fulldyrka jord, er vårt klare råd er å kontakte kommunen skriftleg, god tid i forkant. Beskriv klart kva som skal gjerast. Då vil du få rettleiing på om tiltaket er søknadspliktig eller ikkje, og du slepp uheldige konsekvensar i ettertid.

Omsynet til miljøet er viktig, også for landbruket

Rogalandsbønder som er ivrige på å nydyrke, er etter Statsforvaltaren sitt syn eit positivt teikn på eit sunt landbruk med aktive bønder som vil styrke sitt bruk. Landbruket må, som alle andre næringer, sikre omsyn til natur, klima og miljø. Det vil vere avgjerande for konkurranseskrafta til eit berekraftig landbruk i Rogaland også i framtida. Å finne rett balanse mellom auka matproduksjon og samstundes ivaretaking av miljøet, er ei utfordring som må følgjast opp i alle ledd innan landbruket.

<https://www.statsforvalteren.no/contentasset/454170236a2a4ecc93c72b3319988904/rettleiar-til-forskrift-om-nydyrkning.pdf>

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/eiendom/ordninger-for-eiendom/soke-om-nydyrkning>

Nydyrkning, planering og mottak av massar

Dersom du skal dyrke opp eit nytt areal eller planere eksisterande areal, må du søkje kommunen om løyve. Mottak av jord og stein frå entreprenørar/ utbygging kan bidra til å få eit betre resultat ved dyrking eller planering.

Dess større prosjektet er, og dess større konsekvensar det kan gje for miljø og naboar, dess fleire krav vert stilt. Ver merksam på at jordmassar kan innehalde miljøgifter og bygningsavfall. Du må unngå at jordpartiklar renn ut i vassdrag, og du må sikre at både drenering og jordstruktur vert utført slik at arealet er godt eigna for dyrking etterpå. Spør gjerne om hjelpe fra kommunen eller landbruksrådgjevarar.

Kultivering av utmark til innmarksbeite

Bruk av husdyrgjødsel i utmark er normalt forbode. Dersom du har behov for meir innmarksbeite, kan du søkje kommunen om løyve for å bruke husdyrgjødsling, som del av oppkultivering av utmark. Du bør då ha ein plan for gjerding og kultivering, som også viser kva tid innmarksbeitet skal vere ferdig til godkjennning i kommunen. Kommunen må registrere endringane i kart før du kan få produksjonstilskot for arealet.



Foto: Anne Karin Langeland

Omdisponering frå skog til innmarksbeite

Det er plikt til nyplanting av barskog innan 3 år etter hogst. Dersom du, i staden for, vil ta arealet i aktiv bruk til innmarksbeite, fell denne foryngingsplikta bort når arealet er ferdig godkjent som innmarksbeite i gardskartet. Arealet må ha minst 50% beitegrasartar og urter før det kan godkjennast som innmarksbeite. Vanleg utmarksbeiting i skogen er ikkje søknadspliktig, dersom det ikkje inkluderer grøfting, planering, fjerning av stein eller andre tiltak. Ved beiting på skogsareal, utan at arealet vert gjort om til innmarksbeite, er det framleis krav til nyplanting.

Vindafjord kommune mottar jamt og trutt søknadar om nydyrkning. I snitt siste åra 15-20 stk. Ikke alle blir fullført, men det er unntaket. Normalt krev kommunen at tiltaket skal vera ferdig innan 5 år. Rekk ein ikkje dette må det søkast om utsettelse og grunngje denne godt.

Ved nydyrkning skal tiltakshavar ha oversikt over følgande tema:

Fjerning av steingard

Fjerning av steingard krev løyve frå kommunen etter forskrift om regionalt miljøtilskot og forskrift om produksjons-tilskot. Steingard i god stand, og som er viktig for området, vil du ofte ikkje få løyve til å fjerne, men det er større grunn til å få løyve dersom det er viktig for drifta. Framfor fjerning av steingard, kan du også vurdere om det er aktuelt å setje den i stand. Du kan søkje SMIL-tilskot til dette. Steingardar eller restar av steingardar som

er bygd før år 1537 er automatisk freda, og kan ikkje fjernast.

Fjerning av kantsone langs vassdrag

Det er ikkje lov å fjerne naturleg kantvegetasjon langs vassdrag. Naturleg vegetasjon gjer elva meir eigna som leveplass for fisk og andre organismar. Vegetasjon vil redusere avrenning av næring og jord frå landbruksareal. Ved behov for fjerning av kantvegetasjon må ein sende inn søknad til Statsforvaltaren om dispensasjon. Sjå meir informasjon i vedlegg. Det kan vere lov med noko skjøtsel i kantvegetasjonen, dersom det er viktig for å unngå utrasing av murar eller anna. Spør kommunen om råd. Du kan også lese meir i rettleiarar frå NVE. Ved nydyrkning må du setje att 6 meter brei vegetasjonssone, der det er årssikker vassføring.

Lukking av bekk og andre inngrep i bekk og elv

Kontakt kommunen dersom du ønsker å leggje bekk i røyr, kanalisere, ta ut massar, sikre mot erosjon, bygge flaumvoll, seinke elveløp eller anna i tilknyting til vassdrag. Fysiske tiltak/inngrep i eller langs vassdrag skal i utgangspunktet søkast om til fylkeskommunen eller Statsforvaltar. Store tiltak kan krevje konsesjon frå Noregs vassdrags og energidirektorat (NVE). Sjå meir informasjon i vedlegg. Ein kan gjennom SMIL-ordninga få tilskot til gjenopning av bekkar som har blitt lagt i røyr. Du kan få tilskot til å opne bekkar som tidlegare har vore lukka. All fjerning av grus eller masse kan gjøre stor skade på elvemusling, gyteplassar for laks og sjøaure og anna liv i elva.

TILSKOT TIL SKOGKULTUR – SØKNADSFRISTER

Kommunen har til nå mottatt få søknadar om tilskot til skogkultur. Dersom du også ønsker å söke på staten sitt særskilte «klimatilskot» til skogplanting og supplering (Tettare skogplanting som klimatiltak), må kommunen ha mottatt søknaden din innan 25. november. Send derfor søknaden om tilskot til skogkultur så snart du har mottatt fakturaen, ev. etterspør fakturaen om tida begynner å bli knapp. Meir om tilskotet finn du her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk/ordninger-for-skogbruk/tilskudd-til-tettere-skogplanting-som-klimatiltak>

Du kan også kontakte kommunen. Faktura og kart skal følgje søknaden.

Søknad om tilskot til andre skogkulturtiltak, som t.d. ungskogpleie, bør heller ikkje leverast kommunen seinare enn 25.11., om vi skal klare å registrere/handsame søknadane før fristen 30.11.24.

PLANTING 2025

Dersom du planlegg planting i 2025, kan det vere lurt å tenke på plantebestilling alt nå – viss ikkje du alt har gjort avtale. Her i området er proveniensar frå Hartz mykje brukta. Kaupanger kan vere aktuell over 300 moh.

Om du ønskjer å plante framande treslag, må du sende søknad til Statsforvaltaren. Dette gjeld også for juletre.

Sakshandsamingstida har vore fleire månadar, så det er lurt å sende søknaden i god tid før plantesesongen begynner.




Foto: Anne Karin Langeland

UNGSKOGPLEIE

Når ny forynging er etablert på ei hogstflate, er det viktig å halde kontroll på konkurrerande vegetasjon. Planter som vert ståande for lenge under lauvkratt eller annan vegetasjon, vil begynne å sture, ev. få skadar på toppskot/greiner eller i verste fall døy. **Produksjonstapet i den tida dei står undertrykte vil aldri takast igjen og tida fram til trea vert hogstmodne vert forlenga.** Det er derfor svært viktig å følgje opp plantefelta med ungskogpleie i rett tid. Det er eit stort etterslep på ungskogpleie i kommunen.

PROSJEKT SKOGKULTUR 2022-2026

Vindafjord kommune har saman med Tysvær og Haugesund kommunar fått tilskot frå Statsforvaltaren til eit prosjekt

med fokus på ungskogpleie og planting. Gjennom prosjektet skal skogeigarar få eit gratis tilbod om nøytral rettleiing med mål om å auke aktiviteten innan skogkultur. Prosjektet starta 1.april 2022 og varer ut 2026.

Prosjektleiar frå 2024 er Per Helle, 99417633, perh@skogkurs.no. Han er Skogkursinstruktør og busett på Haugalandet. Ta gjerne kontakt!

TILSKOT TIL SKOGKULTUR

Det er gode tilskotsordningar for investering i ny skog, t.d. planting, supplering og ungskogpleie. I tillegg til tilskotet kan du bruke skogfondet ditt til investeringa og få skattefritak på 85% av beløpet du bruker. Ta kontakt med kommunen for meir info eller les meir på <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk>



Foto: Anne Karin Langeland

FERDIG BYGDE LANDBRUKSVEGAR

Hugs å melde frå til kommunen når landbruksvegen du fekk byggeløyve på er ferdig bygd.

LANDBRUKSVEGAR BYGD UTAN LØYVE

Av og til kjem kommunen over landbruksvegar bygde utan løyve. Rutinen har tidlegare vore å gi grunneigar høve til å søke om løyve etter landbruksvegforskrifta i ettertid. Landbruksdepartementet har nå presisert i e-post til Statsforvaltarane at vegar bygd utan løyve ikkje kan handsamast etter landbruksforkrifa, men skal handsamast etter plan- og bygningslova.

KURSTILBOD FRÅ SKOGKURS

I tillegg til praktiske kurs tilbyr og Skogkurs

(tidl. Skogbrukets kursinstitutt) ei rad kurs som kan takast heimafrå på nett.

Kursavgifta for skogrelaterte kurs kan dekkast med skogfond med skattefordel.

KVOTEFRI JAKT PÅ HJORTEKALV

Kommunen har tildelt løyve til kvotefri jakt på hjortekalv under jakta hausten 2024 til alle hjortevald i kommunen. Meir informasjon finn de her:

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jakt-og-viltforvaltning/hjortevilt/kvotefri-jakt-pa-hjortekalv-hausten-2024/>

JAKT PÅ HJORT OG RÅDÝR

Jakta på hjort og rådýr er i gong. Jakttida for hjort er frå 01.09. t.o.m. 23.12. For rådýr vart det opna for bukkejakt frå 10.08., mens den generelle jakttida for rådýr er 25.09.-23.12.

Kommunen har i år tildelt 1244 løyve for hjort, av dette er 784 løyve tildelt vald med godkjende bestandsplanar og 460 løyve til vald utan bestandsplan. Tildelinga av kvotefri avskyting av hjortekalvar kjem i tillegg til ordinær kvote.

Det er og tildelt 174 løyve på rådýr. I tillegg har 6 vald kvotefri jakt.

Fristen for levering av fellingsrapportane er 02. januar 2025.

Valdleiar har ansvar for innsending av fellingsrapport. Alle felte dyr, også kalvar felt kvotefritt, skal med i fellingsrapporten. Rapporten kan registrerast elektronisk i Hjorteviltregisteret eller sendast kommunen.

På grunn av høg hjortebestand oppmodar kommunen om å samarbeide internt i valda om å få felt så mykje som mogleg av tildelt kvote. Merk likevel at dei store valda med bestandsplanar har fastsett eigne reglar for samarbeid mellom jaktfelt.

RAPPORTERING AV SKUTTE RÅDÝR

Jegerar skal ikkje lenger rapportere skutte rådýr i jakt- og fangstrapporten til Statistisk Sentralbyrå. Skutte rådýr skal framover berre rapporterast via Hjorteviltregisteret. Jeger registrerer felte rådýr i Sett og Skutt-appen.

Rådýr skal leggast inn på **valdnummer** (ikkje jaktfeltnummer som for hjort).

Valdleiar loggar seg inn i Hjorteviltregisteret, kontrollerer og godkjenner

registreringane og melder jakta som ferdig/sender rapport. Fettingsrapporten kjem då automatisk inn på oversikten for Vindafjord. Når de rapporterer på denne måten, treng de ikkje å sende rapport skriftleg til kommunen i tillegg. Ta kontakt med kommunen om de treng hjelp.



Foto: Anne Karin Langeland

SETT HJORT OG SLAKTEVEKTER

Resultata frå Sett Hjort- registreringane kan gi eit bilet på samansettinga av bestanden og trendar i utviklinga av bestanden. Informasjonen som kan trekkast ut av Sett Hjort og vårteljinga er viktig som grunnlag for framtidige forvaltningsplanar. Stadig fleire registrerer Sett hjort-data digitalt på appen Sett og skutt. Denne løysinga er tilpassa både pc, nettbrett og smarttelefon. Her kan og slaktevekter leggast inn. Dataa må godkjennast av valdleiar i jorteviltregisteret før dei vert tilgjengelege i statistikken. Dei fleste valdleiarane har fått tilgang for godkjenning av registrerte data i hjorteviltregisteret og elektronisk levering av fellingsrapport.

Meir informasjon om ordninga finn de her: <https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jakt-og-viltforvalting/hjortevilt/sett-hjort/>. Sett hjort- data og slaktevekter frå 2006-2022 er tilgjengelege i

www.hjorteviltregisteret.no under Statistikk. (For 2023 er papirskjema ikkje lagt inn ennå).

Slaktevektene gir informasjon om utviklinga av storleiken på dyra. Jo større del av dei felte dyra ein har data for, jo sikrare vert resultata. Det er viktig at det vert nytta vekt, ikkje rusing. Det er framleis mogleg å nytte papirskjema. Iaktevektdata må då førast på tilleggsskjema.

Skjemaa sendast *Vindafjord kommune, Østbøvegen 2, 5585 Sandeid*, eller på e-post til: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no, så snart som råd etter jakta. Takk til alle som har levert inn Sett hjort-data til no!

INNOVASJON NORGE, Rogaland

Litt informasjon for søkeråret 2024

Det har blitt søkt fleire prosjekter i 2024:

- Forstudiar
- Nye mjølcefjøs
- Generasjonsskifte sau og ammeku
- Plansilo
- Ombygging av SPF
- Sanering SPF smågris

Mange av prosjekta av nye mjølcefjøs har fått øvre grense av tilskottaket som er på 5 millionar per prosjekt.

Det er nå viktig å bruka tida framover og planlegge prosjektet. Ein anbefaler å levera inn søknaden i desember/Januar, fordi det nye tilskotsmidlane til Innovasjon Norge kjem inn på nyåret (2025) og søknadane blir fortløpende behandla til tilskotsmidlane er brukt opp.

Hovudprioriteringane for 2023 er vidareført i 2024, og nybygg/ombygging av mjølcefjøs med inntil 30 mjølkekryr har særleg prioritet. Unge bønder med prioriterte prosjekter har høgast prioritet i 2024. Distrikta i Rogaland har høgare prioritet enn Jæren. Tilskotet på 92 mill. som blei tildelt Rogaland 2024 forsvinn fort.

Tilskot til eksisterande/eldre lausdriftsfjøs får støtte dersom dette er knytt til dyrevelferd og oppfylling av storleforskrifta sitt krav for 2024. Auken i midlar og maksatsen gjer at Innovasjon Norge kan gje noko ekstra tilskot til dei minste mjølcefjøsa for å få realisert desse prosjekta.

Maksatsen for 2024 har auka til omkring 40 % og enkelte over 40 %, av godkjend kostnadsoverslag. Øvre grense er sett til 5 millionar per prosjekt. Innovasjon Norge kan prioritere meir midlar til unge bønder, dyrevelferdstiltak, distriktsjordbruks- og miljøtiltak.

Andre prioriteringar:

Nybygging/ombygging storfe (dyrevelferd->lausdrift)

Dyrevelferd er prioritert:

- SPF-gris
- Ombygging/nybygg for eksisterande sauefjøs/-drift

Generasjonsskifte

Gjødsel- og fôrlager:

- Gjødsellager blir prioritert i tråd med siste jordbruksavtale. For husdyrgjødsellager er det krav om anten toppdekke eller minimum 10 månaders lagringskapasitet. For lagar for biorest og anna organisk gjødsel er det krav om toppdekke
- Tilskot til gjødsellager – må synleggjera 10 månaders kapasitet for å få tilskot, fortrinnsvis på eigen gard.

Frukt/grønt/veksthus

Landbruksbasert tilleggsnæringer:

- Lokalmat og landbruksbart reiseliv
- Gode inn på tunet-tiltak
- Prosjekt med stor verdiskapings- og vekstpotensial

Forstudie/ressursavklaring:

- Det gis tilskot til eksterne kostnader for å avklare familiens framtidsplanar, ressursar, investeringsomfang og kartlegging av eksisterande bygningsmassar som eventuelt kan brukast som grunnlag for trinnvis utbygging. Målgruppe: små og mellomstore bruk som må tilpasse seg lausdriftskravet (2034).

Ekstra tilskot til bygg i tre er vidareført, der ein kan få inntil 20 % ekstra tilskot avgrensa til 400 000 kroner. **Dette tilskotet vil gå ut, ifrå 2025.**

Fornybar energi i landbruket:

- Bioenergi

Det er ingen søknadsfrist for 2024. Investeringsmidlane på 92.mill som Rogaland fekk tildelt nå i år blir brukt opp nokså kjapt. Men det er ein nasjonal pott som alle regionar får ta del i når midlane er brukt opp. Desse er øyremerka til storfe -> lausdrift. Det er god grunn til å vera klar med søknaden i desember. Ved eit omfattande prosjekt som nybygg/tilbygg, er der viktig å bruke god tid til å planlegga. Bruk kommunen til rettleiling om du treng nybygg/tilbygg.

NBI! Innovasjon Norge gir ikkje tilskot til påbegynte prosjekt. Med påbegynte prosjekt meiner ein igangsetjing av bygg- og anleggsarbeid eller inngått rettsleg bindande forplikting/kontrakt som gjer investeringa irreversibel. Det kan gjevast tilskot til bruk av eigen skog i prosjektet.



Foto: Geir Olav Larsen

Samarbeidsprosjekt som skjer på tvers av Haugalandet.

Kort versjon:

Vindafjord kommune med fleire (Tysvær, Haugesund, Karmøy og fleire etter kvart) er med på eit prosjekt «**Lokal mat på Haugalandet**». Her skal ei styringsgruppe med Haugaland Vekst i spissen med folk ifrå Bondelag, næringslivet og andre få til auka etterspørsel og produksjon av frukt og grønt lokalt på Haugalandet.

Det kjem meir informasjon av prosjektet. Følg med i media.

UTVIKLING AV JORDBRUKET I VINDAFJORD

Utvikling i søkjadar av produksjonstilskot og regionalt miljøprogram (RMP) i Vindafjord

År	2014	2018	2022	2023
Søkjadar av produksjonstilskot	404	385	377	379
Søkjadar til regionalt miljøprogram (RMP)	200	230	244	257
Føretak med økologisk drift	5	5	4	4

Utvikling av antal jordbruksføretak tatt frå søknadar om produksjonstilskot. Tal over føretak frå 2014 er henta frå statistikkbanken til SSB som ikkje har oversikt over alle variablar.

År	2014	2018	2022	2023
Anna storfe	182	186	184	185
Mjølkekyr	137	115	96	95
Vinterfôra sau	231	236	215	217
Mjølkegeiter	2	2	3	3
Ammageiter	-	16	21	22
Slaktegris	-	57	44	49
Verpehøner	-	7	9	8
Grønsaksproduksjon	3	4	4	
Frukt og bær	8	4	4	

Produktive areal i Vindafjord (dekar):

År	2014	2018	2022	2023
Fulldyrka areal	43 547	43 115	43 719	43 827
Overflatedyrka areal	2 189	2 433	2 868	3 008
Innmarksbeite	36 145	36 737	36 435	36 645
Produktiv skog	217 611	215 338	212 803	213 136

Antal husdyr/mengde grønsaker, frukt og bær tatt frå søknadar om produksjonstilskot. Tal over husdyr frå 2014 er henta frå statistikkbanken til SSB som ikkje har oversikt over alle variablar.

År	2014	2018	2022	2023
Anna storfe	7 447	7 546	8 243	7526
Mjølkekyr	2 875	2 785	2 531	2524
Vinterfôra sau	14 224	15 958	14 559	13991
Slaktegris	-	14 904	12 817	8897
Mjølkegeiter	-	510	662	762
Ammageiter	-	497	741	286
Verpehøns	4 833	5 674	12 157	8814
Grønsaksproduksjon (i tonn)	-	760 tonn	1028 tonn	
Frukt og bær	-	4,8 tonn	5,4 tonn	

Diverse kurs

NLR – Norsk Landbruksrådgjeving gir kurs i HMS i landbruket, førstehjelskurs, autorisasjonskurs i plantevern og gnagar, varme arbeider og maskinførerkurs mm. På <https://www.nlr.no/kurs> finn du meir informasjon.

Haugaland avløysarlag arrangerer avløysarkurs for nye avløysarar til hausten.

Dyrevelferdsprogram for sau

I løpet av 2024 og starten for 2025 skal alle med over 30 vinterføret sau ta eit kurs i dyrevelferdsprogrammet for sau og ha veterinærbesøk. På <https://www.animalia.no/no/Dyr/sau/> finn du meir informasjon.

Aktuelle facebook-sider:

Vindafjord kommune - Diverse informasjon frå Vindafjord kommune

NIBIO Gårdskart og Kilden - For dei som ynskjer tips om funksjonalitet og innhald, og ønsker å følge med på kva som er nytt i Gardskart.

NIBIO Utmarksbeite

Økologisk Rogaland – Gode historier om dyktige økologiske matprodusentar og tips om kurs og konferansar. Sida blir oppdatert av Økologisk Rogaland, Økologisk Norge sitt fylkeslag i Rogaland.

Statsforvaltaren og bonden i Rogaland – Informasjon retta mot bøndene i Rogaland om tilskotsordningar, bruk av areal, næringsutvikling og anna nyttig informasjon.

Eining Areal- og forvaltning:

Namn	Hovedoppgåver
	Thomas Vestbø Tlf. 97 54 01 80 e-post: thomas.vestbo@vindafjord.kommune.no
	Morten Rørheim Tlf. 90 88 42 57 e-post: morten.rorheim@vindafjord.kommune.no
	Gaute Widerøe Hennig Tlf. 47 78 10 84 e-post: gaute.hennig@vindafjord.kommune.no
	Sissel Lilleland Tlf. 47 78 03 92 e-post: sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no
	Alf Ole Bull-Tornøe Tlf. 47 69 78 68 / 41 61 56 09 e-post: alf.bull@vindafjord.kommune.no
	Anne Karin Langeland Tlf. 47 69 86 67 e-post: anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no
	Gitte P. Halvorsen Tlf. 47 69 89 66 e-post: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no

Utgjevar: Landbrukskontoret
Redaktør: Sissel Lilleland
Kommunen si heimeside:
www.vindafjord.kommune.no
Tlf. 53 65 65 65



VINDAFJORD KOMMUNE
Eining Areal- og forvaltning
Østbøvegen 2
5585 SANDEID